

Pressemelding

## **Terapeutorganisasjonar tek avstand frå drapstruslar mot stortingsrepresentant**

**Gjennom oppslag på NRK si nettside, er vi informert om at stortingsrepresentant Sveinung Stensland og han sin familie er blitt drapstruga i samband med regjeringa sitt vedtak om meirverdiavgift på alternativ behandling.**

Underteikna organisasjonar har brukt våre demokratiske rettar til å kjempa mot dette vedtaket. At andre aktørar, som vi korkje kjenner eller har kontakt med, har brukt truslar som set andre sine liv i fare - er totalt uakseptabelt! Vi tek på det sterkaste avstand frå slike haldningar og praksis, og meiner at dei ikkje høyrer heime i vårt norske demokrati.

Vi kjem til å fortsetja arbeidet med å få omgjort dette vedtaket gjennom eit sakleg ordskifte og i god dialog med dei partia på Stortinget som utgjorde fleirtalet om vidare utgreiing i saka.

9. mars 2021

Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon

Norges Massasjeforbund

Norske Homeopaters Landsforbund

Norske Rosenterapeuters Forening

Norske KvanteMedisinere

SABORG (Sammenslutningen av alternative behandlerorganisasjoner)